

UTBETALING AV MØTE- OG SKYSSGODTGJERSLE ERSTATNING FOR TAPT ARBEIDSFORTENESTE



ULVIK HERAD
5730 ULVIK
Telefon 56527000

Namn : _____ Adresse : _____

Fødselsnr.(11siffer): _____

Møte i (namn på kurs/konferanse/utvalget o.l.): _____

Møtedato: __/__/20__ Møtestad : _ Møtet vara frå kl : _____ Til kl : _____

TAPT ARBEIDSFORTENESTE

1. _____ timar á kr : 200,- = kr : _____
2. Eg har hatt utgifter for pass av barn med kr: _____
(kvittering ligg ved).
3. Eg ber om at legitimert tap i arbeidsinntekt vert dekkja med kr: _____
(legimitasjon må liggja ved).

MØTEGODTGJERSLE

Konto ansvar teneste 10800 210 100 Sum : _____

Det vert gjeve møtegodtgjersle til medlemmer i faste råd og utval med kr 720/1005 pr møte.

Stad; _____ dato / 20__ Stad; _____ dato / 20__ Stad; _____ dato / 20__

underskrift

attestert

tilvist

Utdrag frå Forskrift om folkevalde si rett til godtgjersle og velferdsgode for Ulvik herad:

§ 2.Rett til dekking av utgifter og økonomisk tap

Den som har eit tillitsverv i Ulvik herad har krav på:

- skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i samband med vervet
- dekking av utgifter som følgje av vervet, også utgifter til andre for å utføra naudsynte arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgåver ein i samband med utføring av vervet ikkje sjølv kan gjera
- erstatning for tapt inntekt (for arbeidstakarar og sjølvstendig næringsdrivande) som følgje av vervet.

Krav etter første ledd skal framsetjast for lønskontoret så snart som mogeleg og seinast innan 3 månadar etter at kravet oppstod. Etter 3 månadar vert det ikkje dekka. Kravet skal dokumenterast.

§ 3.Utmåling av utgifter og økonomisk tap

Godtgjersle for skyss, kost og overnatting etter § 2 fyrste ledd bokstav a, vert gjeve for reiser over 3 km kvar veg etter dei til einkvar tid gjeldande satsane i kommunen sitt reiseregulativ. Reisene skal samordnast så langt det er formålstenleg ut frå ei vurdering av kostnadane og den tida som går med. Reise under 3 km kvar veg vert ikkje dekka. Det er reiseutgifter etter billigaste reisemåte som vert dekka. Det vert ikkje gjeve kostgodtgjering utanom servering på møta. Kost på andre møte, kurs m.m. vert dekka etter dei til ei kvar tid gjeldande kommunale reiseregulativ. Krav om refusjon for godkjende utgifter i samband med møte og reiseverksemd skal leverast snarast.

Utgifter etter § 2 fyrste ledd bokstav b får etter rekning dekka dokumenterte utgifter til naudsynt tilsyn (innanfor satsar som § 2 fyrste ledd bokstav c). Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra/gjort det vanskeleg for den folkevalde å delta på møte.

Tapt ordinær arbeidsinntekt (som lønsmottakar) etter § 2 fyrste ledd bokstav c vert betalt ut etter dokumentert inntektstap frå vedkomande sin arbeidsgjevar. Dette vert dekka med inntil kr 520 pr. time eller inntil kr 3900 pr. dag. Folkevalde som er sjølvstendig næringsdrivande eller utan fast lønsinntekt, har rett på kompensasjon for tap av arbeidsinntekt og/eller utgifter til avløyssar med inntil kr 200 pr. time eller kr 1 500 pr. dag (udokumentert). Dersom tapet er større enn dette, kan det på grunnlag av skriftleg dokumentasjon utbetalast kompensasjon inntil kr 520 pr. time eller inntil 3 900 pr. dag (dokumentert). Tapet kan dokumenterast med likningsattest. Inntektstap vert utrekna etter netto årsinntekt (netto næringsinntekt) dividert på 260 dagar. Tapet kan og dokumenterast med attest over kostnader til vikar.

§ 4.Innsending av krav om kompensasjon

Kravet om kompensasjon etter § 2 skal leverast til lønskontoret i kommunen kontinuerleg. Krav om tapt arbeidsforteneste som ikkje er knytt til arbeid i utval/komité/arbeidsgrupper, t.d. eksterne møte/reiser, kan samlast på eit skjema.

Møtegodtgjersle vert utbetalt på grunnlag av møteboka. Møtegodtgjersle vert ikkje utbetalt til ordførar og varaordførar eller til tilsette i kommunen som deltek på møte i kraft av stillinga si.

§ 5.Arbeidsgodtgjersle

Den som har eit kommunalt tillitsverv, har krav på godtgjersle for sitt arbeid etter fylgjande satsar:

Medlemer med fast godtgjersle:

- Ordførar (sjå § 7 om godtgjersle ved frikjøp)
- Varaordførar får 10 % av ordførargodtgjersla (godtgjersla dekkjer førebuing, deltaking og etterarbeid i alle aktuelle kommunale politiske fora, vikaroppdrag ved kortare sjukdom, kortare feriar og representasjonsoppgåver m.m.)

Medlemer utan fast godtgjersle:

Leiargodtgjersle		
Utval	Merknad	Ny sats frå 01.07.22
Administrasjonsutvalet	Leiargodtgjersle	4160
Kontrollutvalet	Leiargodtgjersle	9650
Seniorrådet	Leiargodtgjersle	4160
Rådet for funksjonshemma	Leiargodtgjersle	4160
Valnemnda	Leiargodtgjersle	4160
Viltnemnda	Leiargodtgjersle	9650
Ungdomsrådet	Leiargodtgjersle	4160

Om det ikkje er halde møtet i utvalet i løpet av året, vil det ikkje verta utbetalt leiargodtgjersle.

Møtegodtgjersle pr. møte	For faste råd og utval	Ny sats frå 01.07.22
Møte inntil 4 timar		720
Møte over 4 timar		1005

Møtegodtgjersla vert regulert årleg med same sats som ordførarløna, reguleringa skjer 01.01 det påfølgjande året. Møtande varamedlemer i einskildsaker får kr 275 pr. møte.

Arbeidstakarane sine representantar i kommunale styringsorgan (AMU og administrasjonsutvalet) som ikkje har frikjøpsordning, får same sats som møtande medlemer i faste råd og utval.

For møte i tilknytning til møte i kommunestyre, formannskap, og evt. andre faste utval vert det ikkje utbetalt møtegodtgjersle for medlemer som er med i desse organa. Fleire møte same dag gjev ei møtegodtgjersle tilsvarande den høgaste.

Digitale møte er likestilt med fysiske møte når det gjeld godtgjersle.

Reiser i kommunale oppdrag i og utanfor kommunen vert sidestilt med møte.

§ 6. Unnateke for godtgjersle

Folkevalde som er tilsette i kommunal verksemd eller andre som opprettheld løna si under fråvær for å ivareta kommunale verv, får ikkje vederlag for tapt arbeidsforteneste.

Det vert ikkje gjeve godtgjersle for politiske gruppemøter og liknande som gjeld partia.

§ 7. Godtgjersle ved frikjøp

Folkevalde som vert frikjøpt frå ordinært arbeid, mottok ei fast godtgjersle i staden for dekking av tapt inntekt etter § 3 og arbeidsgodtgjersle etter § 5.

Ordføraren vert frikjøpt i 100 % stilling. Ordføraren si årlege godtgjersle vert sett til % av ein stortingsrepresentant si grunngodtgjersle. Godtgjersla gjev ikkje rett til feriepengar, men vert delt på 12 mnd. Godtgjersla vert årleg justert 01.05.

§ 8. Godtgjersle for telefon og breiband

Ordførar får dekkja utgifter til mobiltelefon.

§ 9. Ettergodtgjersle

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetjing, har rett til ettergodtgjersle i 1,5 månadar når dei fråtrer vervet og har ein jobb å gå attende til og 3 månader dersom vedkomande ikkje har ein jobb å gå attende til, i samsvar med KS sitt normalreglement.

Retten til ettergodtgjersle avkortast mot annan inntekt etter reglane i kommunelova § 8-6 andre og tredje ledd.

§ 10. Pensjonsordning

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetjing: ordførar, har rett til pensjon i tråd med kommunen si pensjonsordning for folkevalde i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

§ 11. Rett til sjukepengar

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetjing, har same krav på sjukepengar som tilsette i kommunen. Kommunen skal betala sjukepengar tilsvarande full godtgjersle i arbeidsgjevarperioden frå den fyrste til den sekstende sjukedagen, jf. folketrygdlova § 8-19.

Har den folkevalde krav på godtgjersle utover seks gonger grunnbeløpet, jf. folketrygdlova § 8-10 andre ledd, skal kommunen betala forskjellen mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det den folkevalde ville fått i godtgjersle i den same perioden.

§ 12. Rettar ved yrkesskade

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetjing, skal meldast inn i kommunen si yrkesskadeforsikring og eventuelle andre tilleggsforsikringar som gjev tilsette i kommunen rett til ytingar ved yrkesskade.

§ 13. Permisjonar

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetjing, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15, samt kommunelova § 7-9 2. ledd.

Søknad om permisjon vert avgjort av kommunestyret.

Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjersle i inntil to veker, med mindre han eller ho gjev avkall på den.

Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barn og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalda godtgjersla etter same regler som gjeld for tilsvarande permisjonar for

tilsette i kommunen.

§ 14. Tolking av reglane for godtgjersle

Ordførar/formannskap skal handsama tolkingsspørsmål/tvilstilfelle i samband med reglane for tappt arbeidsforteneste og godtgjersle for folkevalde.

§ 15. Årleg regulering av satsane

Dei faste godtgjersla til ordførar vert regulert 1. mai kvart år i takt med regulering av stortingsrepresentantløn. Møtegodtgjersle vert regulert med same %-sats som årslønsramma (kap. 4) i KS-området. Reguleringa av møtegodtgjersla vert gjort 01.01 det påfølgjande året, første gong 01.01.2023.

§ 16. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 01. juli 2022.